

BOKN KOMMUNE

Kommunestyret

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 17.12.2019

Møtetid: Kl. 19:00 - 21:00

Møtestad: Allrommet - Boknatun

Saksnr.:059/19
– 064/19

Følgjande medlemmer møtte

Anne Svanberg Løvereide Faye
Kyrre Lindanger
Lillian Grønnestad
Rakel Jansen Alvestad
Rannveig F. Øvrebø
June Susanne Grønnestad
Lene Ognøy Foss
Svein Ove Alvestad
Sigmund Alvestad
Amalie Våga
Bjarne Nedrebø
Egil Magne Våge
Erik Nilssen
Osmund Våga
Torfinn Mandius Alvestad

Parti

AP
AP
AP
AP
AP
H
H
H
KRF
SP
SP
SP
SP
SP
SP

Forfall meldt frå følgjande medl.

Kjell Inge Dirdal
Emilie Moi Eikje

Parti

H
SP

Følgjande varamedl. møtte

Ingleif Kro
Sandra Grønnestad Jøsang

Parti

H
SP

Møteleiar:	Osmund Våga
Frå adm. møtte:	
Utlevert i møtet:	
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte; Jan Erik Nygaard, Solrunn Alvestad
Til å underskrive protokollen: Kyrre Lindanger, Sigmund Alvestad
Møtet starta med informasjon om Bokn Tomteselskap AS v/Lars Alvestad

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
059/19	Godkjenning av innkalling
060/19	Godkjenning av møteprotokoll
061/19	Bokn kontrollutval - navneendring til Bokn kontroll- og kvalitetsutval
062/19	Val av leiar og nestleiar i Eldreråd/Råd for personar med funksjonsnedsettjing for perioden 2019 - 2023
063/19	Budsjett for 2020 og økonomiplan for 2021-2023
064/19	Samlesak for referatsaker

059/19 Godkjenning av innkalling

17.12.2019 Kommunestyret

Behandling:

KS - 059/19 Vedtak:

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

060/19 Godkjenning av møteprotokoll

17.12.2019 Kommunestyret

Behandling:

KS - 060/19 Vedtak:

Møteprotokollen vart godkjent slik han låg føre.

061/19 Bokn kontrollutval - navneendring til Bokn kontroll- og kvalitetsutval

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommunestyre vedtar å endre namnet til Kontrollutvalet til «Bokn kontroll- og kvalitetsutval» frå og med valperioden 2019 – 2023.

17.12.2019 Kommunestyret

Behandling:

KS - 061/19 Vedtak:

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.

062/19 Val av leiar og nestleiar i Eldreråd/Råd for personar med funksjonsnedsettjing for perioden 2019 - 2023

..... sitt framlegg til vedtak:

<skriv her>

17.12.2019 Kommunestyret

Behandling:

KS - 062/19 Vedtak:

Kommunestyret vedtar at Sigmund Alvestad vert vald som leiar, val av nestleiar vert delegert til eldrerådet/råd for personar med funksjonshemming

063/19 Budsjett for 2020 og økonomiplan for 2021-2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Forslag til budsjett for Bokn kommune for 2020 vert vedteke på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 72.343.300,- på fylgjande rammeområder:

Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen	18.862.534
Rammeområde 2 Kultur, skule og barnehage	26.088.700
Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg	28.855.400
Rammeområde 4 Sosial og barnevern	2.295.800
Rammeområde 6 Teknisk	-32.300

2. Rådmannen får fullmakt til å omfordele tiltak på rammeområda der endringane er av budsjett-teknisk og ikkje-prinsipiell karakter.
3. Kommunestyret vedtek nye driftstiltak i 2020 – 2023 ihht skjema med kr. 400.000.
4. Avgifter, gebyr, betalingssatar og husleiger for 2020 vert vedteke i samsvar med vedlagte betalings- og gebyrreglement.
5. Bokn kommunestyre vedtek fylgjande finansielle måltal for budsjett 2020 og økonomiplanperioden 2021 – 2023:
 1. Netto driftsresultat i % av driftsinntektene meir enn 1,75 %
 2. Disposisjonsfond + mindreforbruk i % av driftsinntektene meir enn 10 %
 3. Arbeidskapital i % av driftsinntektene 53,4 % meir enn 15 %
 4. Langsiktig lånegjeld i % av driftsinntektene mindre enn 80 %
 5. Lån som betenes av frie inntekter mindre enn 70 %
6. For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, «berre på nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum» slik lova lyder etter 1. januar 2019. Det skal etter eigedomsskattelova § 4, tredje ledd, dessutan skrivast ut eigedomsskatt på «anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skaldyr og andre marine artar» ettersom slike anlegg er jamstilt med vårt valte utskrivingsalternativ etter eigedomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, slik lova lyder

frå 1. januar 2019.

I 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt på «eit særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og –installasjonar fases ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2020 vere lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget.

Det

skal skrivast ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg med produksjonsutstyr og -installasjonar i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2020 er 7 promille. Utskriving av skatt for skatteåret 2019 blir basert på takstar fastsett ved siste alminnelege taksering som blei gjennomført med verknad frå 1. januar 2016, men med spesifisering av skatteverdiar for produksjonsutstyr og –installasjonar. Eigedomsskatten blir skriven ut i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, første ledd.

7. Kommunale inntektsskattøyre skrives ut i samsvar med Stortinget sitt vedtak om maksimalsats.

17.12.2019 Kommunestyret

Behandling:

Tilleggsforslag ;

Bokn kommune vedtek å slutta seg til Nettverk av petroleumskommunar (NPK) som er et rådgivende og koordinerende nettverk for kommunene som er vertskap for ilandsføringsanlegg for olje og gass. Se syv kommunene som i dag deltar i nettverket er Aukra, Aure, Austerheim, Hammerfest, Lindås, Tysvær og Øygarden, som alle har innført eiendomsskatt. Bokn kommune sine kostnader med medlemskapet skal maksimalt utgjere kr. 50.000,- pr. år. Kostnaden dekkes gjennom bruk av disposisjonsfondet.

KS - 063/19 Vedtak:

Formannskapet sitt forslag til budsjettvedtak samt tilleggsforslaget vart samrøysta vedtatt.

064/19 Samlesak for referatsaker

17.12.2019 Kommunestyret

Behandling:

KS - 064/19 Vedtak:

Referatsaker blir tatt til orientering.

